



Årsmelding for Handballgruppa 2012.

Gruppestyret:

Line Pedersen Døsen (Leiar)

Heidi Karin Njøs

Bjørg Reidun Torgersen

Aktive i handballgruppa

IL Bjørn Handball har for sesongen 2012/2013, 6 lag som er med på ordinært seriespel. I tillegg har vi også tilbod om minihandball for aldersgruppa 9 år. Totalt er det med 87 utøvarar på treningar og kampar. Dette er ein nedgang på 28 utøvarar frå sist sesong. For handballgruppa utgjer totale aktivitetstimer for gjennomførte treningar og kampar i 2012 om lag 10 000 timer, dette er litt mindre enn i 2012. I tillegg kjem den tida som vert lagt ned av trenrarar og lagleiarar.

Handballgruppa har dei siste åra hatt eit mål om å få til eit godt tilbod for gutar og har i år påmeldt lag for 9, 10 og 11 år. Vi skulle gjere hatt eit tilbod også til eldre spelarar, men ser at vi ikkje klarar å rekruttere tilstrekkeleg til å få dette til.

Handballgruppa til IL Bjørn har i mange år hatt flest jentelag og denne sesongen har det vore tilbod for alle i aldersgruppa 9-15 år. Vi har denne sesongen valt å slå saman alderskulla 11-12 år og 14- 15 for å klare å stille nok spelarar. Det er også ei utfordring på jentesida å få dei til å halde fram ut over 14 – 15 år. Dette er spesielt beklageleg for dei som ønskjer og satse samt vidare rekruttering.

Seniorlag

Denne sesongen har vi dessverre ikkje klart å stille seniorlag. Førre sesong rykka dei opp til 4. divisjon, noko som denne sesongen ville medført lengre reiser til kampar, og tøffare motstand på kampane. Dette ville medført auka tidsbruk for spelarane, som for mange vart ei utfordring. Vi har som mål å stille med damelag att neste sesong, då dette er svært viktig for aktiviteten i klubben.

Fokus

For dei aller yngste har ein størst fokus på at det skal være moro å spele handball. I dei eldste klassane er det naturleg at ein er meir oppteken av prestasjon og resultat. Resultatmessig så hevdar dei ulike laga seg ganske godt.



Vi har denne sesongen hatt fokus på å få auka kompetanse på dommar og trenarsida, og har tilbudt kurs til dei som måtte ønskje det. Så har vi endeleg fått økonomi til å kjøpe to nye minihandballmål, og satsar på at desse vil vera på plass til årets miniturnering. Vi vil då ha fire mini-mål.

Etter at sesong er ferdig har det blitt ein tradisjon med felles avslutning for trenarar og lagleiarar. Det er stort oppmøte denne kvelden, og vi får berre positive tilbakemeldingar på ei slik avslutning.

Styreakтивitet

Styret har hatt styremøter ved behov og i tillegg har det vore møter med lagleiarar og trenarar.

Nes 31. januar 2013,

Line Pedersen Døsen

-Leiar-

IL Bjørn Handball